



Stranda Kommune

Planomtale

Utgave: 2

Dato: 04.05.2018

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgiver:	Stranda Kommune
Rapporttittel:	Planomtale
Utgave/dato:	2/ 04.05.2018
Filnavn:	Planomtale.docx
Arkiv ID	
Oppdrag:	611559-01–Detaljregulering gang-/sykkelveg Ødegård Detaljregulering
Oppdragsleder:	Victor Nakken
Avdeling:	Samferdsel
Fag	Reguleringsplan
Skrevet av:	Victor Nakken
Kvalitetskontroll:	Alf Idar Småge
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

FORORD

Asplan Viak har vore engasjert av Stranda kommune for å utarbeide Detaljregulering av gangveg langs Ødegårdvegen og Langlovegen i Stranda kommune. Victor Nakken har vore kontaktperson for oppdraget. Yngvild Meinseth og Alf Idar Småge har også delteke i arbeidet.

Victor Nakken har vore oppdragsleiar for Asplan Viak.

Molde, 18.09.2015

Victor Nakken

Oppdragsleiar

Alf Idar Småge

Kvalitetssikrar

Innhold

1	Innleiing.....	4
1.1	Bakgrunn.....	4
1.2	Samråds og medverknadsprosess	4
1.3	Berørte eigedommar	4
1.4	Innkomne fråsegner	5
1.5	Innkomne fråsegner etter høyring og offentlig ettersyn.....	9
1.6	Krav om konsekvensutgreiing	11
1.7	Vedlegg til reguleringsplanen	12
1.8	Overordna plan	12
1.9	Gjeldande reguleringsplanar	13
2	Planområdet.....	14
2.1	Plassering av planområdet.....	14
2.2	Trafikkforhold	14
2.3	Dagens arealbruk.....	15
2.4	Grunntilhøve	18
2.5	Kulturminne og kulturmiljø	18
2.6	Naturverdiar	19
3	Omtale av planforslaget.....	20
3.1	Reguleringsføremål.....	20
3.2	Planlagt arealbruk	20
3.3	Normalprofil langs Langlovegen og Ødegårdsvegen	21
4	Verknader av planforslaget.....	26
4.1	Planar som endrast	26
4.2	Arealbruk.....	26
4.3	Tilkomstar	26
4.4	Trafikktryggleik.....	26
4.5	Trafikktryggleik i anleggsperioden	26
4.6	Universell utforming.....	26
4.7	Barn og unge sine interesser.....	27
4.8	Nærmiljø	27
4.9	Kulturminne og kulturmiljø	27
4.10	Naturmangfald.....	27
4.11	Støy	27
4.12	Risiko, sårbarhet og sikkerhet	27

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn

I samband med endring av VA-anlegget langs Ødegårdsvegen ønsker Stranda kommune å etablere gangveg langs Ødegårdsvegen og Langlovegen frå eksisterande gang- og sykkelveg ved Langlovegen 27 til vegkrysset ved Ødegårdsvegen 96. Strekinga har ei lengde på 1370 meter. Vegen har eit smalt tverrprofil, og er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar.

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av fortau / gang- og sykkelveg langs Ødegårdsvegen og Langlovegen og utviding av køyrebanebreidda langs vegtraséen.

1.2 Samråds og medverknadsprosess

Det er varsla oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan annonsert i Sunnmørsposten 22.02.2017 (vedlagt) og på heimesidane til Stranda kommune og Asplan Viak AS i høyringsperioden. Grunneigarar, naboar og høyringsinstansar blei varsla direkte om planarbeidet med brev eller e-post (informasjonsbrev og adresseliste vedlagt). Frist for å komme med merknader blei sett til 17.03.2017. Det kom inn 11 fråsegner til varslinga som er referert og kommentert i punkt 1.4.

Planforslaget blei vedteke lagt ut til høyring og offentleg ettersyn 13.12.2017 i fast utval for plansaker. Frist for å komme med merknader blei sett til 07.02.2018. Dette blei annonsert, og grunneigarar, naboar og høyringsinstansar blei varsla direkte. Det blei også halde eit informasjonsmøte om planforslaget 31.01.2018. Det kom inn 8 fråsegner til høyringa/offentleg ettersyn. Desse er referert og kommentert i punkt 1.5.

Med bakgrunn i dei innkomne merknadene blei vegen ved Ødegårdsvegen 191 til 205 flytta 60 cm mot søraust og grøfta på nordsida av vegen redusert med 1,5 m for å redusere inngrepa i eigedomane på nordsida av vegen. Mellom profil nr. 550 og 800 blei vegen flytta mot nord for å redusere fyllinga på sørsida av vegen. Kurva mellom profil nr. 950 og 1050 er slakka ut for å betre sikta gjennom kurven og redusere inngrepet i eigdommen nord for vegen. Det er også lagt til grunn at evt. støttemur vert plassert i fortauskanten for å redusere inngrepa ytterlegare.

Det blei lagt inn område for føresegn for områda med kulturminne.

1.3 Berørte eigedommar

Reguleringsarbeidet omfattar ei rekke eigedommar. Alle grunneigarar langs strekinga er informert om oppstart av planarbeidet med brev.

Gards- og bruksnummer som blir påverka av planforslaget er:

Gnr/Bnr 49/9, 49/12, 49/16, 49/55, 49/64, 49/65, 49/66, 49/67, 49/263, 49/364, 49/367, 49/395, 50/1, 50/11, 50/16, 50/18, 50/2, 50/20, 50/26, 50/45, 50/52, 50/54, 50/55, 50/57, 50/70, 50/77, 50/97, 51/15, 51/16, 51/2, 51/28.

1.4 Innkomne fråsegner

Det kom inn totalt 11 fråsegner til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeidet. Fråsegnene er referert i kortfatta form og kommentert. Fråsegnene er vedlagt.

1.4.1 Møre og Romsdal Fylkeskommune

Fråsegn

Fylkeskommunen vurderer planområdet til å ha potensial til å innehalde automatisk freda kulturminne og stiller difor krav om arkeologisk registrering jf. krav i Kulturminnelova §9. Det er ønskeleg å gjennomføre registreringa så tidleg som mogleg i planprosessen, då eventuelle funn kan få innverknad på utforminga. Tiltakshavar må dekke utgiftene ved ei slik undersøking.

Fylkeskommunen ser elles etablering av fortau/gang- sykkelveg som eit godt trafikktryggingstiltak i området.

Vurdering

Arkeologisk registrering er gjennomført, og det er påvist tre område med spor etter forhistorisk busetnad og jordbruk innanfor planområdet. Lokalitetane er registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden, med id nr 229864, 229865 og 229881.

Lokalitetane er freda etter kulturminnelova, §§ 4 og 6, og jamfør §3 i same lov er det ikkje tillate å sette i gang tiltak som er eigna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje. Kulturminna vil bli direkte råka av planane om gang- og sykkelveg. Lokalitetane, inkludert sikringssoner, er avmerka som områder for bandlegging.

I samband med at planen vert lagt ut til offentleg ettersyn må det søkast dispensasjon frå kulturminnelova etter §8, fjerde ledd for desse områda.

1.4.2 Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fråsegn

Fylkesmannen gjer merksam på at det må gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet.

Vurdering

Det er utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet.

1.4.3 Statens vegvesen

Fråsegn

Statens vegvesen er positive til tiltaket og ber om at busselskapet vert involvert for å finne dei riktige løysingane for kollektivtrafikken.

Vurdering

Det er ikkje haldeplassar langs planstrekninga i dag og skulane ligg mindre enn 4 km unna. Dei som bur her har difor ikkje krav på skuleskyss. Buss-selskapet vil likevel bli kontakta for avklaring.

1.4.4 NVE

Fråsegn

Ingen merknad

Vurdering

1.4.5 ÅRIM

Fråsegn

Ønskjer å fokusere på gode løysingar for renovasjon og har i kart markert 3 aktuelle område for framtidig felles renovasjonsløysing.

Vurdering

Dei markerte områda i merknaden ser ut til å vere plasserte i frisktsoner til avkøyrslar. Tilbakemeldinga frå ÅRIM er elles svært generell. Dersom det skal regulerast eige areal til føremål renovasjon må arealbehovet spesifiserast mykje meir. Det er heller ikkje føremåla i denne plana som utløyser renovasjonsbehov.

1.4.6 Stranda Energi AS

Fråsegn

Ber om nærare orientering undervegs i planarbeidet for evt. tilpassing av kabelføring ol.

Vurdering

Detaljar for kabelføring fastsetjast på byggeplannivå.

1.4.7 Ivar Jan Langlo

Fråsegn

Pga. knapt areal mellom bustadar og veg på nordsida av køyrevegen, vil den beste løysinga vere å etablere gangveg på sørsida av køyrevegen på strekninga mellom elvekryssinga i vest og heilt til enden av planområdet i aust jf. vedlagt illustrasjon. Ein stor del av strekninga vil då kunne løysast som gang-/sykkelveg i staden for fortau. Langlo er positiv til at delar av hans eigedom (markert med gult) kan nyttast.

Alternativt kan gangløysing leggjast på nordsida og køyrevegen utvidast mot sør slik at inngrepet ikkje vert så stort i hagane nord for køyrevegen.

Vurdering

Planarbeidet er i hovudsak eit trafikksikringstiltak der målsettinga er at så mange som råd skal ferdast trygt langs vegen. Kryssing av vegen er risikopunkt og ein ønskjer difor å minimere kryssing. Dei fleste bustadane ligg nord for køyrevegen og dei fleste som skal nytte

tilbodet skal til/frå nordsida. Det vert difor valt ei løysing der køyrevegen vert justert noko lenger sør på dei trongasta partia, kombinert med fortau på nordsida av køyrevegen. Vi er elles samde i at gang- og sykkelveg på heile strekninga ville vore ei betre løysing.

1.4.8 Kjell Arne Dahle (gnr49/bnr18)

Fråsegn

Kjell Arne Dahle er grunneigar på 49/18 vest for elva, på Langlo. Ved vegen står ein dobbel garasje som tilhøyrrer Dahle. Dahle opplyser om straum-/fiberfordelingshus mellom garasje og elva (ikkje avmerkt på kartet).

Dahle meiner det vert problem med innkøyring til garasjen når gangvegen kjem på oppsida av køyrevegen. Garasjen er ikkje lenger i så god forfatning og vil truleg ikkje tole å bli utsett for nærgåande inngrep.

Den tronge brua er eit kritisk punkt med omsyn til sikkerheit under skirennet Alperittet. Dette vert betre når brua vert breiare.

Tilknytingspunkt for offentleg vatn ligg i grøfta vest for avkøyrsla til garden. Denne må takast omsyn til.

Dahle har i dag privat kloakk, men er førebudd på å knyte seg til det offentlege avlaupsnettet i framtida når det vert lagt til rette for det.

Vurdering

Straum-/fiberfordelingshus vil truleg ikkje bety noko for planarbeidet.

Etablering av ny/utvida bru for gåande medfører tilpassingar for brurekkverk. Plana legg opp til at eksisterande avkjørsle og garasje behaldast som i dag.

1.4.9 Ola Ødegård (gnr50/bnr2 og 49/395, og driv gnr/bnr 51/1, 52/2, 49/1 og 50/3)

Fråsegn

Ødegård meiner det er naturleg å halde seg på sørsida av Ødegårdsvegen med gang-sykkelveg og krysse over til nordsida vest for elva på Langlo.

Vurdering

Sjå svar til Stranda Eigedomsselskap.

1.4.10 Tore Andre Remme

Fråsegn

Remme meiner det må leggst inn fartsdempende tiltak i vegen ved Langlovegen, då det her ofte er registrert for høg fart.

Ødegårdsvegen er i dag uregulert. Det bør vurderast vikeplikt frå sidevegane då fleire av avkjørslene er uoversiktlige og farlege.

Trafikken har auka pga. nye bedriftsetableringar i området. Betydeleg mengde tungtrafikk gjennom heile døgnet. Mange bustadar.

Det må etablerast skikkeleg vegbelysning (berekna) på denne strekninga grunna døgntrafikk og tonnasje.

Vurdering

Kommunen har ingen konkrete planar om fartsdempande tiltak eller innføring av vikeplikt på strekninga. Slike tiltak må eventuelt vurderast på eit seinare tidspunkt innanfor kommunen sin trafikktryggingplan. Det skal etablerast veglys på strekninga.

1.4.11 Turid Waagsbø Stige og Asbjørn Stige

Fråsegn

Spør om kor langt nytt fortau/gangveg/sykkelveg kjem frå huset deira då dette ikkje kjem fram av vedlagt kart. Kan fortau/gangveg/sykkelveg leggjast så langt frå huset som råd? Evt. rette opp svingen på Ødegårdsvegen ved huset for å få betre tilhøve?

Tilkomstvegen frå Ødegårdsvegen opp til huset er allereie bratt og bør ikkje bli brattare som følgje av planlagt tiltak.

Kva pris vert betalt for grunn som blir tatt?

Vurdering

Plana legg til rette for etablering av fortau inntil Ødegårdsvegen samstundes som at utvidinga av sjølve køyrevegen kjem mot sør. Stigningstilhøva bli da tilnærma som i dag for tilkomstvegen.

Pris for grunnerverv vil bli behandla av kommunen.

1.4.12 Åge Eliassen

Fråsegn

Det er bratt opp til husa. Det er viktig at tilkomsten ikkje vert enda brattare for dei som bur her.

Eliassen reknar med at det vert opparbeidd fin avslutning mot eigedomen i form av mur.

Det er viktig for nabolaget å behalde vegetasjonen på sørsida av vegen slik at denne dekkjer innsyn til industriområdet. Vegetasjonen skjermar og for støy frå industriområdet.

Vurdering

Når Ødegårdsvegen blir justert noko lengre mot sør, samt at det vert lagt til rette for ei fortausløyseing, vil stigningstilhøva bli tilnærma som i dag for tilkomstvegen.

Byggeplanane vil vise behovet for eventuelt støttemur.

Det vil ikkje bli fjerna meir vegetasjon enn det som er naudsynt for gjennomføring av tiltaka. Vegetasjon har for øvrig liten støydempande effekt.

1.5 Innkomne fråsegner etter høyring og offentlig ettersyn

Det kom inn totalt 8 fråsegner til høyring og offentlig ettersyn av planforslaget. Fråsegnene er referert i kortfatta form og kommentert. Fråsegnene er vedlagt.

1.5.1 Samla fråsegn frå grunneigarar langs Ødegårdsvegen; Petter Rjånes, Ivar Jan Langlo, Kjell Inge Langlo, Stig Rødseth, Oddbjørg Langlo, Frode Rusten, Sølvi Andersen, Jo Andersen, Henrik Følmer, Claus Rødseth, Magne Gjerde, Liv Slyngstad, Oddbjørn Slyngstad, Stranda Eigedom AS, Jens Arne Ødegård, Otto Ødegård, Arnfinn Eliassen, Åge Eliassen, Turid Waagsbø, Ola Ødegård og Per Ødegård.

Fråsegn

Bebuarane støttar grunngjevinga for å legge gangvegen på nordsida av Ødegårdsvegen, men aksepterer ikkje så store inngrep i eigedommane på nordsida av veggen som planforslaget legg opp til. Dei opplever at inngrepa utgjer ein urimeleg reduksjon av livskvalitet og betydelig verdiforringing av eigedommane.

Dei ber primært om at utvidinga av veggen skjer mot sør og at fortauskanten blir lagt der eksisterande vegkant ligg i dag.

Alternativt kan dei strekke seg til å akseptere å avgi inntil 2 meter pluss mur utanfor dagens vegkant.

Vurdering

Fråsegna vert teken til følge. I revidert planforslag er vegens senterline flytta 60 cm mot sør og grøftearealet er redusert med 1,5 m slik at utvidinga av vegprofilet blir redusert til 1,5-2 m pluss støttemur utanfor eksisterande køyrebanekant.

1.5.2 Eva I Soylu Habostad, gnr. 49 bnr. 16, Langlovegen 20

Fråsegn

1. Planforslaget legg opp til at dagens tilkomst til dyrka mark vert blokkert av rekkverk ved bru over Langloelva. Tilkomsten er avgjerande for drift av arealet og ny tenleg tilkomst må påreknast og planleggast i samråd med grunneigar
2. Køyrebana er planlagt utvida mot innkøyrse. Dette vil ha innverknad på helling og kan difor komplisere inn- og utkøyring. Det må leggast til grunn at det vertutarbeidd ein overgang mellom køyrebane og privat areal som gjev fornuftig tilkomst til veg, særleg med omsyn til helling. Dette må skje i samråd med grunneigar.
3. Køyrebana er planlagt utvida mot låvebru. Dette vil ha innverknad på stigningsgraden på brua, og vil difor komplisere inn- og utkøyring i vesentleg grad. Dersom køyrebana vert utvida mot dette arealet er det grunn til å tru at dette vil gjere bruken vanskelegare, og det er difor uønska at veggen skal utvidast mot dette arealet.

Vurdering

1. Vert teke til følgje. Ny tilkomst til dyrkamarka er vist på plankartet vest for eksisterande tilkomst.
2. Vert teke til følgje. Tilpassing til tilkomst vil bli detaljprosjektert ved utarbeiding av byggeplan for vegen.
3. Vert ikkje teke til følgje. Køyrebana er planlagt utvida med 90 cm ved låvebrua. Vegen og sidearealet vil bli tilpassa mot låvebrua ved utarbeiding av byggeplan for vegen.

1.5.3 Statens vegvesen

Fråsegn

Det er ikkje etablert haldeplassar for buss langs strekninga sjølv om det går ei lokal ringrute her. For å betre trafikktryggleiken rår Statens vegvesen til at det vert lagt til rette for leskur og plattform på dei punkta der Møre og Romsdal fylkeskommune meiner det er behov, då utanom kryss og avkøyrse.

Vurdering

Fråsegna vert ikkje teken til følgje. I praksis stoppar folk bussen der dei bur, og det er tvilsamt at dei går til ein busshaldeplass. Kommunen meiner derfor det ikkje er aktuelt å legge til rette for leskur langs strekninga. FRAM vart varsla om oppstart av planarbeidet, men har ikkje uttalt seg om plansaka.

1.5.4 Møre og Romsdal fylkeskommune

Fråsegn

Viser til at det er sett av tre område til vern av kulturminne samstundes som ein planlegg gang- og sykkelveg i dei same områda. Dette let seg ikkje kombinere, og kommunen må søke dispensasjon for desse kulturminna. Områda skal då merkast som område for føresegn i plankart og takast med i føresegnene.

Vurdering

Fråsegna vert teken til følgje. I revidert planforslag er områda lagt inn som område for føresegn og føresegn for desse er lagt inn i planføresegnene.

1.5.5 Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fråsegn

Reguleringsplanen legg opp til å gje ein tryggare situasjon for mjuke trafikantar. Fylkesmannen ser positivt på planforslaget, og har ut frå deira ansvarsområde ingen vesentlege merknader.

Vurdering

1.5.6 NVE

Fråsegn

Ingen merknad.

Vurdering

1.5.7 Grethe Sæter Løvlid, grunneigar gnr. 49 bnr. 52

Fråsegn

Godtek ikkje at det blir teke meir av eigendommen enn det som er planlagt eller at det det blir etablert grøft mot eigedommen. Ber om at eksisterande natursteinsmur mot Ødegårdsvegen blir flytta eller at det blir ført opp ein ny mur og støyskjerming på grunn av at trafikken kjem nærare huset.

Vurdering

Fråsegna vert teken til følge. Kommunen eig delar av arealet til hagen, og ønskjer å nytte eige areal til veg. I revidert planforslag er vegen flytta 60 cm mot sør ved eigedommen slik at vegens skulderkant blir lagt i eigedomsgrensa. Plana legg til grunn at breidda på grøfta er redusert til 1 m og at eksisterande natursteinsmur bli reetablert utanfor grøfta. Inngrepa på eigedommen bli då redusert med 50 cm i forhold til opprinneleg planforslag.

1.5.8 Per Ødegård, grunneigar gnr. 50 bnr. 1

Fråsegn

Om ein flyttar veglinja ved Ødegårdvegen 137 mot syd vil det bedra sikta og auke trafikktryggleiken, samstundes som ein reduserer inngrepa i eigedomen på nordsida av vegen.

Vurdering

Fråsegna vert teken til følge. I revidert planforslag er vegkurva ved Ødegårdsvegen 137 slakka ut.

1.6 Krav om konsekvensutgreiing

I samråd med Stranda kommune er det avklart at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

1.7 Vedlegg til reguleringsplanen

- 1 Referat frå oppstartsmøte
- 2 Oppstartsannonse i Sunnmørsposten
- 3 Oppstartsbrev
- 4 Adresseliste grunneigarar og naboar
- 5 Adresseliste andre høyringspartar
- 6 Fråsegn til melding om oppstart
- 7 ROS-analyse
- 8 Planomtale
- 9 Reguleringsplankart
- 10 Reguleringsføresegner
- 11 Fråsegn til høyring og offentlig ettersyn

1.8 Overordna plan




Figur 1 - Utsnitt frå kommunedelplan for Stranda sentrum.

Teiknforklaring: Gul = Bustadsområde, Indigo = Forretning/kontor/serviceområde, Lilla = Industriområde, Rød = Offentlege område, Grøn = Frimråde, Oransje = Jord og skogbruksområde. Svarte liner viser kommunale vegar

I gjeldande kommuneplan for Stranda Sentrum er strekninga syna som kommunal veg.

1.9 Gjeldande reguleringsplanar



Figur 2 - Kartutsnitt av planområdet med gjeldande reguleringsplanar

Reguleringsplan for Langlo I. PlanID 1965001 – 03.07.1965

Planforslaget berører areal for køyreveg i Ødegårdsvegen, samt areal for bustader og friområde på nordsida av Ødegårdsvegen.

Reguleringsplan for Langlo II. PlanID 1972001 – 03.07.1972

Planforslaget berører areal for køyreveg i Langlovegen og Ødegårdsvegen, samt areal for bustader og friområde nord for Langlovegen og Ødegårdsvegen.

Planforslaget medfører også endra frisisiktsomar i krysset Langlovegen/Tingstadvegen.

Reguleringsplan for Langlo III. PlanID 1979003 – 20.05.1979

Plana for Langlo III grensar til nytt planområde i vest. Planforslaget berører ein mindre del av regulert areal for køyreveg og gang- og sykkelveg.

Reguleringsplan for Ødegård Aust. PlanID 1982001 – 24.05.1982

Planforslaget berører areal for køyreveg, gang- og sykkelveg og annan veggrunn.

Reguleringsplan for Stranda Sentrum. PlanID 2002001 – 10.01.2002

Planen for Stranda Sentrum grensar til nytt planområde i aust. Planforslaget berører ein mindre del av regulert areal for køyreveg og gang- og sykkelveg.

2 PLANOMRÅDET

2.1 Plassering av planområdet

Planområdet ligg langs Ødegårdsvegen og Langlovegen i Stranda kommune og har ei samla lengde på 1370 meter.



Figur 3 - Planområdet ligg nordvest for Stranda sentrum.

2.2 Trafikkforhold

Ødegårdsvegen og Langlovegen har i dag eit smalt tverrprofil med ei breidde på 5 – 5,5 meter. I følge Nasjonal vegdatabase/Vegkart har vegen fartsgrense 50 km/t. Det ligg ikkje føre trafikktal for strekninga. Strekninga har mykje tungtrafikk på grunn av industriområda som ligg langs vegen og, det er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar.

Innanfor planområdet er det kryss til Tingstadsvegen, Ringstadsvegen og Skaffarvegen.

Det er også 34 tilkomstar til eigendommene langs vegen. Fleire av desse tilkomstane har dårleg sikt.

Vegen vert nytta til skuleveg frå bustadane på nordsida av Langlovegen/Ødegårdsvegen til Ringstad Barneskule, Stranda Ungdomsskule, Stranda Vidaregåande skule og Vestborg vidaregåande skule som alle ligg 0,3 km til 1 km sør for planområdet.

I følge Vegkart er det registrert 3 trafikkulykker på vegstrekninga dei siste 10 åra. Av desse er to MC-ulykkar og ei ulykke der barn har leika i vegbana.

2.3 Dagens arealbruk



Figur 4 - Bilde ved Langlovegen 27 sett mot aust.

Langsmed Langlovegen er det i dag gang- og sykkelveg/fortau frå krysset Hevsdalsvegen fram til Langlovegen 27. Vidare austover har vegen ei breidde på 5,0 – 5,5 meter. Vegen har veglys langs heile strekninga.



Figur 5 - Bilde av eksisterande bru over Langloelva.

Langlovegen kryssar Langloelva over ei smal bru.



Figur 6 - Bilde ved kryss mellom Langlovegen og Tingstadsvegen. Ringstadsvegen kjem inn frå høgre i bakgrunnen.

Krysset Langlovegen / Tingstadsvegen har redusert frisikt pga. støttemur inn mot vegen.



Figur 7 - Bilde ved Ødegårdsvegen 67 sett mot aust.

Frå Ødegårdsvegen 191 til 205 ligg det fleire bustader tett inntil vegen med tilkomst frå Ødegårdsvegen. Fleire av tilkomstane har redusert frisikt.




Figur 8 - Bilde ved Ødegårdsvegen 195 sett mot aust.



Figur 9 - Bilde ved Ødegårdsvegen 129 sett mot aust.

2.4 Grunntilhøve




Figur 10 - Utsnitt fra løsmassekart frå NGU.

Lausmassekart frå NGU viser at grunntilhøva i planområdet består av morene og breelavsetningar. Hovuddelen av planområdet ligg ovanfor marin grense, og lausmassekartet gjev ingen indikasjon på marine avsetningar i eller i nærleiken av planområdet.

2.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det blei utført arkeologiske undersøkingar i planområdet i august 2017. Det blei påvist tre område med spor etter forhistorisk busetnad og jordbruk, datert til bronsealder og eldre jernalder. Lokalitetane har id nr 229864, 229865 og 229881 i kulturminnedatabasen Askeladden. Lokalitetane er teke med i plankartet og føresegnene.




Figur 11 Utsnitt frå Askeladden som viser lokalitetane med nye registrerte kulturminne.

2.6 Naturverdiar

Det er ikkje registrert sårbare eller trua artar innanfor eller i nærleiken av planområdet.



Figur 12 - Utsnitt frå Artskart



Figur 13 - Utsnitt frå Artskart

3 OMTALE AV PLANFORSLAGET

3.1 Reguleringsføremål

Planområdet regulerast til:

Bygningar og anlegg

- Bustader – Frittliggende-småhus

Samferdsel og teknisk infrastruktur

- Køyreveg
- Fortau
- Gang-/sykkelveg
- Annan veggrunn – Grøntareal

Grønstruktur

- Friområde

LNFR områder

- Landbruksformål

Bruk og vern av sjø og vassdrag

- Friluftsområde i sjø og vassdrag

3.2 Planlagt arealbruk

Planforslaget medfører at det vert regulert fortau og gang- og sykkelveg langs Langlovegen og Ødegårdsvegen, og at vegbredda bli utvida sørover.

Veganlegg

Vegareal og frisktsonar er utforma i samsvar med Statens vegvesen si Håndbok N100.

Nytt tverrprofil for Ødegårdsvegen og Langlovegen er utforma i samsvar med dimensjoneringsklasse Sa2 – samleveg med einssidig fortau. For å unngå hyppige endringar i normalprofilen er vegen vist med fortau også gjennom område med landbruksareala inntil vegen. Vest for Langloelva er fortau erstatta av gang- og sykkelveg fram til eksisterande gang- og sykkelveg ved Langlovegen 27.

Sideterreng

Det er regulert offentlig sideterreng (annan veggrunn) utanfor vegskulder, fortau og gang- og sykkelveg for å ha plass til nødvendig grøfteareal, skjæringar, fyllingar og snøopplag. Formålsgrrensa for annan veggrunn er foreslått ein meter utanfor skjæringstopp/fyllingsfot. I område der bygningar ligg tett inntil vegareala er det lagt opp til å etablere støttemurar for å redusere bredda av areal for annan veggrunn.

Det er foreslått midlertidig anleggsbelte på 4 m utanfor annan veggrunn i område for landbruksareal og bustader.


3.3 Normalprofil langs Langlovegen og Ødegårdsvegen

Vegstrekinga er vist med profilnummer på reguleringsplankartet. Vidare følgjer ei oversikt over normalprofilerna som er planlagt.

Profil 90 – 170, 530 – 1000, 1050 – 1100, 1160 – 1250

Vegen er planlagt primært med normalprofil i samsvar til dimensjoneringsklasse Sa2 med einssidig fortau på nordsida av vegen.


Normalprofil med einssidig fortau




Figur 14 Normalprofil samleveg Sa2 med einssidig fortau.

Profil 0 – 90

Frå eksisterande gang- og sykkelveg ved Langlovegen 27 til Langloelva i profil 90 er vegen planlagt med 3 m brei gang- og sykkelveg som ligg 2 m frå vegen.




Figur 15 Utsnitt av plankartet frå profil 0 til 250.




Profil 150 – 530, 1000 – 1050

I område der bustader ligg tett inntil vegareala er det lagt opp til å etablere støttemurar for å redusere breidda av areal for anna veggrunn.




Figur 16 Utsnitt av plankartet fra profil 300 til 530.




Figur 17 Utsnitt av plankartet fra profil 1000 til 1050.

Normalprofil med einsidig fortau og støttemur




Profil 1110 – 1160

Industrilokala i Ødegårdsvegen 129 har tilkomst til lasterampar og parkeringsplassar på sørsida av bygningane. For å oppretthalde eksisterande tilkomstsituasjon er vegen planlagt med einssidig nedsenka fortau som er avgrensa på begge sider av fortauet med kantstein i ei lengde på 50 meter.




Figur 18 Utsnitt av plankart frå profil 1030 til 1290.

Normalprofil med einssidig fortau med nedsenka kantstein




Profil 1250 – 1370

Ved profil 1250 kryssar fortauet over til sørsida av Ødegårdsvegen for å redusere inngrepa i bustadsområde på nordsida av vegen.



Figur 19 Utsnitt av plankart frå profil 1250 til 1370.

Normalprofil med einssidig fortau



4 VERKNADER AV PLANFORSLAGET

4.1 Planar som endrast

Detaljreguleringa medfører at delar av reguleringsplanane med PlanID 196500, 1972001, 1979003, 1982001 og 2002001 erstattast av ny plan.

4.2 Arealbruk

Planforslaget omfattar tiltak på både kommunal og privat grunn. Inngrep på privat grunn, der vegutvidinga krev inngrep i samband med skjæring, fylling og areal for anlegg- og riggområde.

4.3 Tilkomstar

Eksisterande tilkomst til jordbruksareal for Langlovegen 20 (gnr. 49 bnr. 16) ved Langloelva vert stengt og flytta 40 m mot vest. Tilkomst for øvrige berørte bustader vert som i dag. Fortau og gang- og sykkelveg er regulert gjennomgåande, med piler på plankartet som sikrer tilkomst. Detaljar for den enkelte bustadstilkomst vil bli avklart i byggeplan. Det stilles som rekkefølgekrav at tilkomst til de enkelte busetnadane skal være ferdig opparbeidd før det vert gitt ferdigattest.

4.4 Trafikktryggleik

Etablering av fortau og gang- og sykkelveg for den aktuelle strekninga av Ødegårdsvegen og Langlovegen medfører ein tryggere situasjon for mjuke trafikantar. Tiltaket medverkar til trafiksikker ferdsel, tryggare skuleveg og bedre tilgang til gang-/sykkelvegssystemet.

Etablering av fortau og gang- og sykkelveg vil også bedre sikta i tilkomstane til bustadane langs Langlovegen og Ødegårdsvegen.

4.5 Trafikktryggleik i anleggsperioden

Det blir stilt rekkefølgekrav om at plan for vern av trafikantar og omgjevnader mot ulemper i bygge- og anleggsfasen skal følge søknad om igangsetting. Planen skal mellom anna gjere greie for samrådsprosessar med berørte naboar, trafikkavvikling, trafikktryggleik for gåande og syklende, massetransport, reinhald og støvdemping, og eventuelle støyreducerande tiltak og driftstider. Det skal gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak.

4.6 Universell utforming

Nytt fortau følger dagens veg og eksisterande terreng. Det er av denne grunn ikkje oppnådd optimale stigningstilhøve for nytt fortau på heile strekninga. Krav til universell utforming skal så langt som mogeleg oppfyllest i planforslaget.

4.7 Barn og unge sine interesser

Etablering av fortau og gang- og sykkelveg vil gi vesentleg betra trafikktryggleik for barn- og unge langsmed Ødegårdsvegen og Langlovegen.

4.8 Nærmiljø

Gangvegen går langs eksisterande veg og inneber derfor eit moderat inngrep i storskalalandskapet.

I område der bygningar ligg tett inntil vegen er vegens normalprofil planlagt med støttemur for å redusere inngrepa på eigedommane.

4.9 Kulturminne og kulturmiljø

Tiltaket kryssar tre område for automatisk freda kulturminne med spor etter forhistorisk busetnad og jordbruk, datert til bronsealder og eldre jernalder. Lokalitetane har id nr 229864, 229865 og 229881 i kulturminnedatabasen Askeladden.

4.10 Naturmangfald

Planforslaget vil ikkje ha vesentleg verknad for naturmangfaldet.

4.11 Støy

Planforslaget er eit miljø- og trafikktryggingstiltak som ikkje endra støytilhøva innanfor planområdet.

4.12 Risiko, sårbarhet og sikkerhet

Det er utarbeidd ei ROS-analyse for tiltaket, som følger planen som vedlegg. Aktuelle tilhøve/hendingar er vurdert, og tiltak foreslått.

Dei tilhøva eller hendingane som er aktuelle i tilknytning til nytt fortau/gang- og sykkelveg er i første rekke tiltak knytt til trafikktryggleik og tryggleik i anleggsperioden.

Det er innarbeidd rekkefølgekrav om at plan for vern av trafikkantar og omgjevnader mot ulemper i bygge- og anleggsfasen skal følge søknad om igangsetting.